



OSTERØY KONTROLLUTVAL

MØTEUTSKRIFT SAK 28/23 MEDLEMSKAP I FKT, FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

Til Osterøy heradsstyre ved ordfører

Kontrollutvalet har i møtet 05.09.2023 handsama sak 28/23 *Medlemskap i FKT, forum for kontroll og tilsyn* med følgende vedtak:

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

Utskrift av protokoll og saksframlegg ligg under.

28/23 MEDLEMSKAP I FKT, FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

HANDSAMING I MØTET

Saka vart handsama etter sak 34/23.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.


SAKSOPPLYSINGAR

Samandrag

Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å melda seg inn i FKT – Forum for kontroll og tilsyn, for å ta del i eit viktig kompetansesarbeid.

Saksopplysingar

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og sekretariat. Per 19.06.2023 har organisasjonen 224 kommunar, 7 fylkeskommunar og 22 kontrollutvalssekretariat som dekker meir enn 250 kommunar/fylkeskommunar som medlemmer. Sekretariatet i Region Nordhordland IKS (RNI) vart medlem hausten 2022.



FKT sitt føremål er å vera «en møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontrollarbeid i kommuner, fylkeskommuner, Sametinget og Longyearbyen lokalstyre.»

Gjennom ulike arbeidsgrupper, sett saman av representantar frå medlemsorganisasjonane, utarbeider FKT blant anna ei rekkje rettleiarar til kontrollutvala og sekretariata sitt arbeid. Dette arbeidet vert såleis utvikla «på dugnad» gjennom fellesskapet i FKT. I fleire tilfelle samarbeider FKT med NKRF – *kontroll og revisjon i kommunene* om rettleiarar og fagutvikling. FKT er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og sekretariat, og NKRF for revisjonsselskap og sekretariat. FKT er einaste kompetanseorganisasjonen som kontrollutval kan vera medlem i.

I 2022 publiserte FKT blant anna ein rettleiar for handsaming av henvendingar til kontrollutvalet, [Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#). Alle kontrollutvala som RNI er sekretariat for gjorde vedtak om å nytta rettleiaren. I tillegg lagar FKT [opplæringspakke for nye kontrollutval](#).

Kontingentsatsane i FKT for 2023 er følgande:

- Kommune 0 – 5 000 innb.: kr 3 700
- Kommunar 5 001 – 10 000 innb.: kr 7 500
- Kommunar 10 001 – 20 000 innb.: kr 9 700
- Kommunar 20 001 – 50 000 innb.: kr 13 000
- Kommunar med meir enn 50 000 innb.: kr 16 000
- Fylkeskommunar: kr 16 000
- Sekretariat: kr 9 700

Les meir om FKT på [Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)

Sekretariatet si vurdering og anbefaling

Osterøy kontrollutval bør delta i medlemsfellskapet, og betala kontingent, når kontrollutvalet nyttar ressursar utvikla av FKT. Det finst kun ein kompetanseorganisasjon som kontrollutval kan vera medlemmer i, og det er ikkje ein stor økonomisk kostnad med medlemskap. Kontingenten vert lagt inn i sekretariatet sitt utkast til kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett. Kontrollutvalsmedlemmer i medlemskommunane får elles noko rabatt på kurs og konferansar som vert arrangert av FKT.

Kontrollutvalet bør vera innmeldt når ny periode startar, slik at opplæringspakken frå FKT kan nyttast.

Saksvedlegg:

fkt-brosjyre2022-23 – digital: <https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2019/06/fkt-brosjyre2022-23.pdf>

fkt-vedtekter-endret-2022 – digital: <https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2019/06/fkt-vedtekter-endret-2022.pdf>